

# Veveplan 8. trinn

# Veve 51 og 1

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar og saktekstar</li> <li>• Lesa med kritisk blikk</li> <li>• Rettskriving og grammatikk</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytta til og lesa i ei engelsk bok</li> <li>• Skriva oppsummeringar med relevant informasjon</li> <li>• Skapa ei eiga mening og argumentera for ho</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Addera og subtrahera brøkar med lik nemnar</li> <li>• Addera og subtrahera brøkar med ulik nemnar</li> <li>• Multiplisera og dividera med brøkar og heile tal</li> <li>• Bruka samanhengen mellom brøk, desimaltal og prosent i oppgåver</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara korleis endringar i samfunnet har påverka levealder og barnefødslar</li> <li>• Forklara årsaker til innvandring til og utvandring frå Noreg</li> <li>• Gje døme på korleis teknologi har påverka levekåra i Noreg</li> <li>• Forklara kva som kjenneteiknar velferdsstaten i Noreg</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få kjennskap til forteljingar som jødedom, kristendom og islam har felles, og som er ein del av kulturarven vår</li> <li>• Vita korleis Det gamle testamentet er bygd opp og kva det inneheld</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Diskuter nokre samanhengar mellom platerørsler og klima</li> <li>• Forklare kvifor vi må sjå på ressursar i jordskorpa som eit lager som blir brukt opp, sjølv om mange blir resirkulert i bergartskrinsløpet</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å fortelja om skulekvardagen din</li> <li>• Å seia kva du meiner om det ulike skolefaga</li> <li>• Å spørja kvar ting er</li> <li>• Å snakka om klokka</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å kunna snakka om kva du liker og ikkje liker</li> <li>• Å uttrykka meininger</li> <li>• Å kunna bruka svake og sterke verb i pressens skriftleg og munnleg</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på grammatikk: former av adjektiv, studera temaet ekstremsport</li> <li>• Oversetja norsk til engelsk</li> <li>• Førebuing til muntlig vurdering 16.01</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<p><b>Innebandy:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.</li> <li>• Forstå fleire typar kart og digitale verktøy og bruke dei til å orientera seg i kjende og ukjende miljø</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar, arbeidsteikningar, modellar og digitale verktøy</li> <li>• Vurdera materiale sin haldbarheit og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk, og bruku ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheter i ballspel</li> <li>• Inkludere og spele andre gode</li> <li>• Visa forståing for "Fair play"</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Holda orden på og vurdera bruk av utstyr og kledning</li> <li>• Ferdast i naturen på ein trygg og sporlaus måte og ta ansvar for seg sjølv og andre</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Temaveke

Elevrådet arrangerer temaveke i veke 51, der elevar og vaksne skal kle seg ut etter ulike tema kvar dag. Det er frivillig og delta, men me oppfordrer til å vera med. Det blir premie til beste klasse, der premien å spela paddletennis.

### Temadagane er slik:

Måndag: fotballdrakt

Tysdag: rosa

Onsdag: galla (fine klede)

Torsdag: gender switch

Fredag: pysj

### Adventssamling og julegudsteneste

På onsdag 18. desember skal me ha ei adventssamling i aulaen, og samtidig skal det vera julegudsteneste i kyrkja. 10. trinnet har ansvaret for begge samlingane, og elevane skal delta i gjennomføringa. Føresette har samtykka i Visma om ein vil gå i kyrkja. Har ein svart "Nei" i Visma, vil elevane gå på adventssamlinga i aulaen.

### Siste skuledag

Fredag 20. desember vil ha ein litt alternativ dag. Det blir aktivitetar klassevis i 1. time og litt i 3. time. I 2. time skal me ha julekos i aulaen for heile trinnet med finale i bordtennisturneringa me har hatt nå i desember. I 3. time skal me gå rundt juletreet. Etter lunsj skal me ha volleyballturnering i Timehallen, der alle elevane er med og er delte inn i jamne lag.

### Juleferie

Siste skuledag før jul er fredag 20. desember, og første skuledag etter juleferien er fredag 3. januar.

**Kantina delvis stengt**

I veke 51 og i veke 1 vil det ikkje vera sal av mat. Ein kan kun kjøpa meieriprodukt så lenge det er varer igjen. Hugs å ta med matpakke og drikke desse dagane.

Me ynskjer alle ei fin jule- og nyttårsfeiring, og me ynskjer alle eit godt nytt skuleår på BUS!

Helsing oss på 8.trinn

**PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR**

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Naturfag	Fagsamtale	Karakter	Veke 2

**HEIMEARBEID VEKE 51**

Norsk	Les 3 • 20 minutt i boka di. Hugs sidetal til lærar i slutten av veka.
Engelsk	<b>Valfritt:</b> Les eller lytt ferdig boken 'The Curious Incident of the Dog in the Night-time'
Matematikk	Gjer oppgåve 2.59, 2.64, 2.67 og 2.69
Samfunnsfag	Me jobbar vidare med tidslinja i timane.
Naturfag	Les s. 132-134 og svar på spørsmåla s. 134. Forklar omgrepa: naturressurs, fossile brensel og bergartkrinsløpet.
Spansk	Feliz Navidad. Ingen heimelekse.
Tysk	Sjå onenote veke 51
Eng fordj	Oppgåver på ark (også i Teams), førebuing til munnleg samtale
Kroppsøving	<b>Innebandy:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
Kantine	Avspasering
Friluftsliv	Avspasering

**HEIMEARBEID VEKE 1**

Naturfag	Begynn å førebu deg til fagsamtale om kontinent på vandring og jorda i endring. Bruk målark som ligg på One Note.
Kroppsøving	<b>Innebandy:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE

